



DET KONGELIGE
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT

Innhald

1.	Innleiing	2
2.	Forskrift om førstehandsomsetning av viltlevende marine ressursar.....	2
2.1	Bakgrunn.....	2
2.2	Ansvarlege fiskesalslag og godkjenning av salslag.....	2
2.3	Førstehandsomsetning av viltlevende marine ressursar	3
2.4	Viltlevande marine ressursar i privat eige	3
2.5	Stadleg verkeområde	4
2.6	Regulering av hausting i fjerne farvatn eller med trål.....	4
2.7	Mekling og etablering av meklingsnemnd	5
2.8	Økonomiske og administrative konsekvensar	7
2.9	Straff	8
2.10	Ikrafttreding.....	8
3.	Forskrift om statens kontrollørar i fiskesalslaga	8
3.1	Bakgrunn.....	8
3.2	Åremål og aldersgrense	9
3.3	Oppgåvene til kontrolløren	9
3.4	Økonomiske og administrative konsekvensar	10
3.5	Ikrafttreding	10
4.	Vedlegg	11
4.1	Utkast til forskrift om førstehandsomsetning av viltlevende marine ressursar	11
4.2	Utkast til forskrift om staten sine kontrollørar for fiskesalslaga	15

Høyringsnotat

1. INNLEIING

Stortinget vedtok den 21. juni 2013 lov nr. 75 om førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar (fiskesalslagslova). Lova gjeld frå og med 1.1.2014 og vil erstatte lov om omsetning av råfisk av 14. desember 1951 nr. 3 (råfisklova). I denne samanhengen har departementet utarbeidd to tilhøyrande forskrifter som følgjer som vedlegg.

Den eine er ei samleforskrift og omfattar føresegner knytt til §§ 4, 8 og 12 i lova. Føresegner som gjeld mekling ved usemje om fastsetjing av minstepris er forskriftsfesta i § 3, og dette er nytt. Elles er det ikkje store endringar samanlikna med gjeldande forskrift om omsetning i første hand av viltlevande marine ressursar (råfiskforskrifta). Den andre forskrifta regulerer statens kontrollørar i fiskesalslaga.

2. FORSKRIFT OM FØRSTEHANDSOMSETNING AV VILTLEVANDE MARINE RESSURSAR

2.1 Bakgrunn

Forskrift om førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar erstattar forskrift av 30. april 2010 om omsetning i første hand av viltlevande marine ressursar. Forskrifta vil langt på veg vidareføre det eksisterande forskriftsverket, samtidig som det er ønskjeleg å oppdatere og modernisere regelverket i tråd med ny fiskesalslagslov. Den største endringa er innføring av føresegner for å gjennomføre mekling ved usemje om minstepris for fisk omsett i første hand, jf. § 12 i lova og § 3 i framlegget til forskrift.

2.2 Ansvarlege fiskesalslag og godkjenning av salslag

Departementet foreslår å vidareføre ansvarsfordelinga mellom salslaga når det gjeld geografi og artar, men likevel slik at Vest-Norges Fiskesalslag overtek ansvarsområdet til Rogaland Fiskesalslag som følgje av samanslåinga av dei to laga. Ansvarsfordelinga går fram av § 1 i utkastet til ny forskrift.

Som ein konsekvens av at Rogaland Fiskesalslag og Vest-Norges Fiskesalslag slår seg saman, vil det pr. 1.1.2014 vere fem fiskesalslag i Noreg. Det nye fiskesalslaget vil vere organisert på same måte som Vest-Norges Fiskesalslag er i dag. Rogaland Fiskesalslag sluttar dermed å eksistere frå 1.1.2014 og inngår i Vest-Norges Fiskesalslag sitt verkeområde. Vi kan ikkje sjå at dette vil få særskilde konsekvensar. Dei to salslaga har hatt ein grundig prosess i samband med samanslåinga.

Etter den nye fiskesalslagslova må departementet godkjenne alle fiskesalslaga, jf. § 4. Fiskesalslaga som allereie har godkjende vedtekter etter råfisklova kan likevel utan ny godkjenning halde fram med verksemda i inntil to år etter at fiskesalslagslova vert sett i verk 1. januar 2014.

Det er berre samverkeføretak etter samvirkelova som kan godkjennast som fiskesalslag. Råfisklova med tilhøyrande forskrift hadde krav om at vedtektene til salslaga skulle godkjennast av departementet. Dette kravet gjeld ikkje lenger, men § 4 i lova har føresegner om kva vedtektene skal innehalde. Godkjenning kan tilbakekallast etter § 6 i lova. Det er ikkje behov for å forskriftsfeste nærare føresegner om godkjenning eller tilbakekalling av godkjenning då føresegnene om dette går fram av lova.

2.3 Førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar

Det følgjer direkte av den nye fiskesalslagslova at førstehandsomsetninga skal skje gjennom eller med godkjenning av eit fiskesalslag, og at tilverking og utførsel er forbode med mindre departementet har fastsett unntak i forskrift, jf. § 8 i den nye lova. Råfisklova derimot, fastset ikkje direkte slike krav og forbod, men gjev Kongen heimel til å regulere dette i forskrift. Av omsyn til oversikta vil departementet foreslå at dei sentrale føresegnene om dette i lova § 8 første og andre ledd også vert tekne inn i forskrifta § 2 første og andre ledd.

Vi foreslår vidare å ta inn i § 2 første ledd ei presisering om at anadrom laksefisk og fisk fanga i ferskvatn, med unntak for europeisk ål, ikkje er omfatta av salslagssystemet, og vidare at delar av, og produkt eller biprodukt av viltlevande marine ressursar, er omfatta. I § 2 tredje ledd foreslår vi å presisere at forbodet mot tilverking ikkje er til hinder for sjølvtilverking av eigen fangst som ikkje er omsett i første hand. Vi foreslår også at kva som skal reknast som sjølvtilverking vert teke inn i forskrifta. Alle desse føresegnene inneber ei vidareing av gjeldande rett. Vi foreslår å vidareføre unntaket for transitt av fisk fanga av og bringa i land frå EU-fartøy i § 2 fjerde ledd. Dette unntaket er avtalt med EU, og gjeld førebels fram til og med 30. april 2014. Føresegna må difor endrast seinare.

2.4 Viltlevande marine ressursar i privat eige

Departementet har tidlegare lagt til grunn at salslagssystemet ikkje femner om viltlevande marine ressursar som er omfatta av einerett til hausting i medhald av havbeiteløyve, og at det avgjerande er om ressursen var underlagt privat eigedomsrett eller tilsvarande (t.d. haustingseinerett) då han vart hausta.

Når det gjeld førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar som er hausta i medhald av havbeiteløyve er denne praksisen no lovfesta i § 2 første ledd i den nye fiskesalslagslova, men med høve for departementet til å gjere unntak i forskrift. Dette

inneber altså at førstehandsomsetning av ein art hausta i medhald av havbeiteløyve ikkje er omfatta av salslaga sin einerett. Ei nærare presisering av rekkevidda til denne lovføresegna kan ein finne i merknadene til § 2 på side 38 i Prop. 93 L (2012-13). Departementet har ikkje funne grunn til no å foreslå noko unntak frå dette utgangspunktet i lova.

Vi vil samtidig gjere merksam på at anna hausting av viltlevande marine ressursar i privat eige vil vere omfatta av kravet om omsetning gjennom eit fiskesalslag etter fiskesalslagslova §§ 2 og 8, som ikkje gjer unntak for anna enn hausting i medhald av havbeiteløyve. Dette vil til dømes gjelde tang og tare sjølv om dei veks i område omfatta av privat eigedomsrett.

Departementet meiner at det er behov for at salslagsystemet skal gjelde for slike artar som tang og tare av omsyn til forvaltninga sitt behov for å kartleggje og kontrollere uttaket. I dette perspektivet gjev det ikkje meining å skilje mellom til dømes tang som er hausta på privat grunn og tang som ikkje er hausta på privat grunn. Departementet vil difor foreslå at vi her følgjer utgangspunktet i lova om at viltlevande marine ressursar som er i privat eige når dei vert hausta skal omsettast i første hand gjennom eit fiskesalslag med mindre dei er hausta i medhald av havbeiteløyve. Det er ikkje behov for å forskriftsfeste ein slik regel fordi han følgjer direkte av lova.

2.5 Stadleg verkeområde

Råfiskforskrifta gjeld i all hovudsak førstehandsomsetning av ressursar som er hausta av norsk fartøy eller landa første gong i Noreg. Dette er vidareført i den nye fiskesalslagslova.

Ein bør likevel merke seg at det stadlege verkeområdet til gjeldande råfiskforskrift omfattar hovudlandet Noreg og Jan Mayen, men ikkje Svalbard. I den nye fiskesalslagslova er derimot verken Jan Mayen eller Svalbard omfatta av verkeområdet, men Kongen har høve til å fastsetje at lova likevel skal gjelde i desse områda.

Departementet legg til grunn at det ikkje har noko å seie om Jan Mayen er omfatta eller ikkje då det i praksis ikkje vert landa fangst her. Departementet foreslår difor at vi følgjer utgangspunktet i lova og utelèt Jan Mayen frå det stadlege verkeområdet. Forslaget inneber mellom anna at fangst landa på Jan Mayen og som er hausta av utanlandsk fartøy, ikkje lenger må vere omsett i første hand gjennom salslaga.

Det stadlege verkeområdet kan endrast dersom det vert behov for det seinare.

2.6 Regulering av hausting i fjerne farvatn eller med trål

I § 3 i gjeldande råfiskforskrift har Kongen delegert til salslaga å fastsetje forbod mot og innskrenkingar i hausting i medhald av råfisklova § 5 når haustinga skjer i fjerne farvatn

eller med trål. Slik kompetanse er ikkje lagt til Kongen i fiskesalslagslova. Departementet ser difor ikkje grunn til å vidareføre føresegna i ny forskrift.

2.7 Mekling og etablering av meklingsnemnd

Bakgrunn

I St.meld. nr. 19 (2004-2005) om marin næringsutvikling (Den blå åker) vart salslaga, Fiskeri- og havbruksnæringens landsforening og Norske Sjømatbedrifters Landsforening oppmoda om å etablere ein meklingsinstans som skulle nyttast når partane ikkje vart samde om minsteprisar i førstehandsomsetninga. Meklingsordninga skulle fungere som ei prøveordning i ein toårsperiode, og varte frå 1. januar 2007 til 31. desember 2008. Meklingsinstansen var samansett av ein leiar oppnemnd av Riksmeklingsmannen og to fagpersonar, og det vart oppreta to nemnder, ei for pelagisk fisk og ei for kvitfisk. Prøveordninga vart nytta seks gonger i pelagisk sektor og to gonger i kvitfisksektoren.

Sjølv om det ikkje er ei legal plikt til å fastsetje minsteprisar, er praksis at salslaga fastsett minstepris for viltlevande marine ressursar. Det går fram av § 11 i lova at minstepris formelt skal fastsetjast av salslaget etter forhandlingar med representantar for industrien. Fiskesalslagslova § 12 fastslår at dersom partane ikkje vert samde gjennom forhandlingar skal spørsmålet om minstepris leggjast fram for mekling. Dersom heller ikkje mekling fører fram kan salslaget fastsetje minsteprisen.

Rammer for meklinga

Meklingsinstansen skal halde seg til rammene i § 12 i lova og § 3 i den nye forskrifta, og til dømes ikkje ta standpunkt til korleis minstepris skal fungere i det einskilde salslag. Dette vil innebere at den praksisen som fiskesalslaga følgjer i dag vert lovfesta. § 11 fører dermed ikkje til eit endra minsteprisregime, og det går fram at det er tidlegare praksis for minstepris som er blitt lovfesta i den nye lova.

Formålet med minstepris er å oppnå ei rimeleg fordeling mellom partane av inntekta frå marknaden. Eit naturleg utgangspunkt for kva som er ei rimeleg fordeling kan vere ei objektiv vurdering knytt opp mot dei rådande marknadsforholda. I og med at salslaga kan fastsetje prisen endeleg, har salslaga eit særskilt ansvar for at det er ei god grunngeving for prisane og at det er grundig dokumentasjon som ligg føre til forhandlingane og til ei eventuell mekling. Salslaga har monopol og kan fastsetje prisen einssidig, og det vil vere i deira interesse å arbeide målretta og seriøst for å sikre ei rimelig fordeling av inntektene mellom fiskar og industri. Departementet oppmodar difor det enkelte salslag til å avklare måla sine for minstepris, og gå gjennom kriteria for fastsetjing av minsteprisar i samarbeid med industriorganisasjonane, slik at begge partar – og meklingsmemnda – har same referanseramme for minsteprissystemet og forhandlingane om minstepris i kvart fiskesalslag.

Etablering av meklingsinstans

Departementet har hatt drøftingsmøte i august og september 2013 med både salslaga og industrisida og med Riksmeklaren. Eit tema som har vore oppe til diskusjon er kor mange medlemmer det bør vere i nemnda. Departementet la fram tre ulike forslag til korleis meklingsinstansen kunne ordnast. Eitt av forslaga var ei nemnd med totalt fem medlemmer. Riksmeklaren skulle nemne opp ein leiar, og partane skulle peike ut dei fire andre medlemmene. Ein annan variant, også med fem medlemmer, var ei nemnd som vert leia av ein person nemnt opp av Riksmeklaren med fire medlemmer, der to av dei alternerer avhengig av om meklinga gjeld kvitfisksektoren eller pelagisk sektor, for å sikre spisskompetanse i dei to sektorane. Det tredje forslaget var å etablere to nemnder med tre medlemmer kvar, ei for kvitfisksektoren og ei for pelagisk sektor. Fordelen med fleire medlemmer er at ein dekkjer eit breiare område, og at det dermed kan vere lettare å verte samde. I vanskelege saker kan fleire medlemmer i nemnda også vere med på å skape større legitimitet. Av omsyn til tid og effektivitet kan det likevel vere ein fordel med to mindre nemnder. Desse vil vere enklare å bemanne, og vil dermed vere mindre sårbare.

Etter desse drøftingane legg departementet fram to forslag til organisering av meklingsinstansen.

1. Det eine forslaget er å etablere to meklingsnemnder med tre medlemmer kvar, ei for pelagisk sektor og ei for kvitfisksektoren. Vi foreslår at Riksmeklaren nemner opp leiaren for nemndene og at det er same leiar i begge nemndene. Etter kvart vil vedkomande opparbeide seg kunnskap innanfor begge sektorane, og det kan føre til auka tillit og raskare løysingar. Dei to andre medlemmene vert foreslått av industriorganisasjonane på den eine sida og av fiskesalslaga på den andre sida.
2. Det andre forslaget er å etablere ei nemnd med fem medlemmer der to av medlemmene alternerer avhengig av om det vert mekla i kvitfisksektoren eller i pelagisk sektor. Leiaren og to av medlemmene ved dette alternativet vil vere faste. Riksmeklaren nemner opp leiaren. Det er naturleg at dei to faste medlemmene har generell økonomisk kompetanse knytt til næringsøkonomi og global handel og at dei medlemmene som alternerer har spisskompetanse på tilhøve i høvesvis kvitfisksektoren og pelagisk sektor. Med dette alternativet må det nemnast opp sju personar, inkludert leiar. Tre medlemmer vert foreslått av industriorganisasjonane og tre medlemmer vert foreslått av salslaga.

Departementet bestemmer kva organisasjonar som er aktuelle etter forskrifta, og meiner at det for tida er to aktuelle industriorganisasjonar; Fiskeri- og havbruksnæringens landsforening og Norske Sjømatbedrifters Landsforening.

For å styrkje legitimiteten til medlemmene, er det lagt opp til at partane presenterer for departementet eit forslag til representantar som dei er samde om. Når partane er samde om kven som skal vere med i nemnda, vil det skape eit betre utgangspunkt for meklinga. Skulle partane likevel ikkje verte samde, foreslår kvar av partane like mange medlemmer avhengig av det alternativ som blir fastsett i forskrifta. Det er naturleg at medlemmene deltek i kraft av sin faglege kompetanse.

Det er Fiskeri- og kystdepartementet som nemner opp medlemmene ved begge alternativa. Det skal også gjerast framlegg om og nemnast opp personlege varamedlemmer ved begge alternativa.

Når eit offentleg organ nemner opp ei nemnd, så skal begge kjønn vere representert, jf. likestillingslova § 13 (trer i kraft 1. januar 2014). Det er fastsett forskrift som mellom anna stiller krav om at organisasjonar mv. som foreslår kandidatar til eit organ skal foreslå ein kandidat av kvart kjønn for kvar kandidat som skal oppnemnast. Reglane gjeld både for medlemmer og varamedlemmer. Både Riksmeklaren og departementet er offentlege organ, og likestillingsregelverket gjeld for meklingsnemnda.

Prosedyrer for meklinga

Det er tilstrekkeleg at ein aktør ønskjer å ta saka til mekling. Til dømes skal det meklast dersom ein av industriorganisasjonane ber om det, sjølv om den/de andre er samd med salslaget om minsteprisen.

Forskrifta legg opp til ei rask og effektiv behandling og meklinga skal avsluttast seinast fem yrkedagar etter at ho starta. For å sikre at dette kan gjennomførast, er det krav om at partane legg fram nødvendig dokumentasjon som bakgrunn for meklinga. Partane skal, saman eller kvar for seg, leggje fram for nemnda dokumentasjon om pris- og marknadstilhøve for aktuelle fiskeslag og fiskeprodukt nasjonalt og globalt. Dokumentasjonen bør dermed vere så fullstendig, tydeleg og oversiktleg som råd er når meklinga startar.

2.8 Økonomiske og administrative konsekvensar

Etter departementet si vurdering vil dei økonomiske og administrative konsekvensane i samband med innføringa av meklingsordninga vere avgrensa. Departementet legg til grunn at partane i alle forhandlingar om minstepris prøver å verte samde så langt det lar seg gjere, slik at behovet for mekling berre melder seg unntaksvis. Under prøveordninga vart mekling nytta åtte gonger på to år. Godtgjerslene vil utgjere avgrensa kostnader for partane, også fordi dette blir fordelt ut frå om det vert mekka i pelagisk sektor eller i kvitfisksektoren. Vi må også gå ut frå at behovet for mekling vert mindre etter kvart som ein har gjennomført fleire rundar med mekling og ein finn minnelege løysingar i fellesskap.

Det følger av lovprosisjonen, Prop. 93 L, at kostnadene med mekling skal dekkjast av partane i fellesskap. Dette er å forstå slik at kostnadene vert dekte med ein halvpart kvar. Departementet meiner at lik deling vil bidra til likeverd mellom partane over tid.

Godtgjersle til leiaren i nemnda og til medlemmene følger av instruks "G-14/2012 Ny salærsats for advokater mv. i straffesaker og i rettshjelpssaker og nye stykkprissatser for medisinsk sakkyndige". Salærsatsen utgjør pr. dags dato kr 945 for timen.

2.9 **Straff**

Departementet foreslår ikkje å ta inn ei eiga føresegn om straff i forskrifta. Dette fordi vi ikkje kan sjå behov for straff ved brot på §§ 1 og 3. Når det gjeld § 2 vil brot på denne føresegna også innebere brot på lova, og det er difor ikkje behov for ei eiga straffeføresegn i forskrifta.

2.10 **Ikrafttreding**

Departementet legg opp til at forskrifta skal tre i kraft 1.1.2014.

3. **FORSKRIFT OM STATENS KONTROLLØRAR FOR FISKESALSLAGA**

3.1 **Bakgrunn**

Departementet har valt å lage ei eiga forskrift for statens kontrollørar for fiskesalslaga. Fullmaktsheimelen ligg i fiskesalslagslova § 5 der første ledd fastset at departementet skal nemne opp ein offentleg kontrollør i kvart fiskesalslag som skal utføre dei tilsynsoppgåvene som departementet fastset i forskrift. Verksemda til statens kontrollørar har tidlegare vore regulert gjennom instruks. Ved å forskriftsfeste oppgåvene til kontrollørane ønskjer departementet å gjere det tydeleg at fiskesalslaga er underlagt ein ekstern kontroll.

Det er ein føresetnad for systemet at fiskesalslaga har tilstrekkeleg legitimitet som objektiv kontrollstyresmakt. Denne legitimiteten kan verte utfordra sidan salsalga heilt og fullt er eigd av fiskarane, og kontrollen med salslagene i praksis inneber tilsyn med at dei som eig salslaget følger lovverket. I eit slikt perspektiv vil statens kontrollørar ha ein viktig funksjon. Det er også eit mål at oppgåvene til kontrolløren er føreseielege og oversiktlege, både av omsyn til kontrolløren sjølv og av omsyn til den som vert kontrollert.

Før utkastet til forskrift og høyringsnotat var endeleg ferdig sende departementet utkastet til forskrift til gjennomsyn i fiskesalslaga og statens kontrollørar. Det vart også halde eit møte 23. august 2013. Vi har prøvd å ivareta innspel i utkastet til forskrift. Forskrifta byggjer også i stor grad på tidlegare instruks for statens kontrollørar.

3.2 Åremål og aldersgrense

Departementet foreslår å nemne opp kontrollørane på åremål med ein periode på 6 år om gongen. Omsynet som ligg bak denne regelen er føreseielege tilhøve for både departementet og fiskerinæringa, samtidig som det tillèt at kontrollørane får ein lang nok periode til å opparbeide ein god kompetanse på området. Departementet meiner det er tenleg å opne for utskifting etter seks år, samtidig som det er lagt opp til at perioden kan fornyast meir enn ein gong.

Aldersgrensa er senka frå 80 til 75 år. Ifølgje lov av 21. desember 1956 om aldersgrenser for offentlige tjenestemenn m.fl. § 2 er den alminnelege aldersgrensa 70 år, men ho kan forlengjast i opptil fem år, jf. § 3. Departementet har valt å leggje seg på same line. Etter nemnte lov kan teneste etter fylte 70 år forlengjast, første gongen med opp til to år, og seinare med eitt år om gongen til maksimalt 75 år. Departementet meiner at denne framgangsmåten ikkje er nødvendig, og ein har difor valt å ikkje vise direkte til lova. Øvre aldersgrense vert difor sett til 75 år utan trinnvis auke frå 70 til 75 år.

3.3 Oppgåvene til kontrolløren

I samtalar med fiskesalslaga og statens kontrollørar vart det klart at ei av dei viktigaste oppgåvene til statens kontrollørar slik praksis har vore til no, er å ivareta interessene til dei som salslaga sin einerett vedkjem, det vil seie ei form for verjeoppgåve. Kontrollørane skal føre kontroll med salslaga, og sjå til at salslaga følgjer lover og reglar og held seg innanfor fullmaktene sine. For å kunne utføre denne oppgåva har kontrollørane fått ein vid tilgang til innsyn i verksemda, og til å delta på styremøte og årsmøte, jf. § 5 i lova, andre ledd.

Departementet har i § 2 i forskrifta lagt inn ei føresegn som seier at kontrolløren skal kontrollere at verksemda til fiskesalslaget er i tråd med god forretnings- og forvaltningsskikk. Omgrepet forvaltningsskikk var ikkje ein del av den tidlegare instruksen, men er teke inn for å vise at det skal først kontroll med salslaga sitt ansvar som styresmakt. Kva som ligg i ”god forretnings- og forvaltningspraksis” må avgjerast etter skjønn. Departementet legg likevel til grunn at kontrollørane skal sjå til at salslaga opptrer heiderleg, korrekt og viser godt skjønn når dei utøver myndigheita si. Kontrollørane skal også sjå til at salslaga har nødvendig kompetanse. Det skal først tilsyn med at salslaga ikkje misbrukar monopolstillinga. Kontrollørane skal ikkje gje salslaga direkte juridisk bistand, men kan gje råd, også av juridisk karakter, dersom det fell naturleg.

Kontrolløren har rett til å vere til stades på styremøta og årsmøta i fiskesalslaget. Vidare skal kontrolløren årleg sende rapport til departementet med eventuelle merknader til styret sitt framlegg til årsmelding og rekneskap. Kontrolløren skal elles melde frå til departementet dersom han/ho får innsyn i forhold som normalt ikkje er å rekne for å vere i tråd med god forretnings- og forvaltningsskikk.

3.4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet vil halde årlege møte med kontrollørane og salslaga der kontrollverksemda, informasjonen mellom statens kontrollørar og andre relevante tilhøve vert drøfta nærare.

Arbeidet til kontrolløren skal honorerast av fiskesalslaget. Det er departementet som fastset kor stort honoraret skal vere. Dette er ikkje endra frå tidlegare.

3.5 Ikrafttreding

Departementet legg opp til at forskrifta skal tre i kraft

4. VEDLEGG

4.1 Utkast til forskrift om førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar

Fastsett av Fiskeri- og kystdepartementet (dato) med heimel i lov 21. juni 2013 nr. 75 (fiskesalslova) §§ 4, 8 og 12.

§ 1 Ansvarsområda til fiskesalslaga

Norges Sildesalgslag er ansvarleg for omsetninga i første hand av ansjos (*Engraulus encrasicolus*), augepål (*Trisopterus esmarkii*), brisling (*Sprattus sprattus*), hestmakrell (*Trachurus trachurus*), kolmule (*Micromesistius poutassou*), laksesild (*Maurolicus muelleri*), lodde (*Mallotus villosus*), lysprikkfiskar (*Myctophidae*), makrell (*Scomber scombrus*), polartorsk (*Boreogadus saida*), sardin (*Sardina pilchardus*), sild (*Clupea harengus*), straumsild (*Argentina sphyraena*), sølvtorsk (*Gadiculus argenteus*), tobis (*Ammodytes tobianus*) og annan sil (*Ammoditydae*), trompetfisk (*Macrorhamphosus scolopax*) og villsvinfisk (*Capros aper*).

Norges Råfisklag er ansvarleg for omsetninga i første hand av artar som ikkje er omfatta av første ledd, dersom dei vert bringa i land i Nord-Noreg eller Trøndelag, eller på Nordmøre, og av europeisk ål (*Anguilla anguilla*) som vert fanga i ferskvatn i dette området.

Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag er ansvarleg for omsetninga i første hand av artar som ikkje er omfatta av første ledd, dersom dei vert bringa i land på Sunnmøre eller i Romsdal, og av europeisk ål (*Anguilla anguilla*) som vert fanga i ferskvatn i dette området.

Vest-Norges Fiskesalslag er ansvarleg for omsetninga i første hand av artar som ikkje er omfatta av første ledd, dersom dei vert bringa i land i Sogn og Fjordane, Hordaland eller Rogaland, og av europeisk ål (*Anguilla anguilla*) som vert fanga i ferskvatn i dette området.

Skagerakfisk er ansvarleg for omsetninga i første hand av artar som ikkje er omfatta av første ledd, dersom dei vert bringe i land på Sørlandet eller Austlandet, og av europeisk ål (*Anguilla anguilla*) som vert fanga i ferskvatn i dette området.

For artar som er omfatta av andre til femte ledd, og som vert omsett utan at fangsten er bringa i land i eit område som er nemnd i andre til femte ledd, er staden der det haustande fiskefartøyet er merkeregistrert, eller heimehøyrande dersom det ikkje er merkeregistrert, avgjerande for kva for eit salslag som er ansvarleg.

§ 2 Førstehandsomsetning

Førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar skal skje gjennom eller med godkjenning av eit fiskesalslag. Dette gjeld òg førstehandsomsetning av delar av, og produkt eller biprodukt av, viltlevande marine ressursar som har heilt eller delvis tilhald i sjøen og som var viltlevande då dei vart hausta. Anadrome laksefiskar, anten dei er hausta i sjø eller ferskvatn, og alle artar som er hausta i ferskvatn, med unntak for europeisk ål (*Anguilla*

anguilla), er likevel ikkje omfatta av omsetningsplikta gjennom eller med godkjenning av eit fiskesalslag.

Det er forbode å utføre eller tilverke viltlevande marine ressursar som ikkje er omsette i første hand med godkjenning av eit fiskesalslag, med mindre det er til eige forbruk.

Forbodet mot tilverking i andre ledd er ikkje til hinder for sjølvtilverking av fangst som ikkje er omsett i førstehand. Tilverking av fangst som fiskaren har hausta sjølv, til dømes gjennom salting og tørking, vert rekna som sjølvtilverking. Både individuelle fiskarar og juridiske personar som disponerer fiske- og tilverkingskapasitet kan drive sjølvtilverking.

Forbodet mot utførsel i andre ledd er ikkje til hinder for utførsel av viltlevande marine ressursar hausta av fartøy som fører flagg tilhøyrande ein medlemsstat i Den europeiske union. Dette gjeld fram til og med 30. april 2014 og er avgrensa til fangst bringa til land på nærare oppgjevne stader og på dei verksemder som Fiskeridirektoratet har godkjent for dette formålet, jf. forskrift 21. april 2006 nr. 433 om transitt av fisk fanget av og brakt i land fra EU-fartøy. Det er eit vilkår at dei viltlevande marine ressursane ikkje er fortolla i Noreg, og at dei vert utførde i samsvar med lov 21. desember 2007 nr. 119 om toll og vareførsel.

§ 3 *Meklingsnemnd*

Alternativ 1: Det skal vere to meklingsnemnder, ei tilknytt kvitfisksektoren, jf. § 1 andre til femte ledd, og ei tilknytt pelagisk sektor, jf. § 1 første ledd, som skal mekle i spørsmålet om minstepris ved usemje mellom salslaga og industrisida. Riksmeklaren nemner opp ein person som skal leie begge nemndene. I tillegg skal departementet nemne opp to medlemmer til kvar nemnd, etter eit forslag frå industriorganisasjonane og frå fiskesalslaga, som dei er samde om. Dersom partane ikkje vert samde, skal departementet nemne opp eit medlem til kvar nemnd etter forslag frå kvar av partane. I tillegg vert personlege varamedlemmer nemnde opp etter forslag som for medlemmene. Medlemmene og varamedlemmene i nemndene vert nemnde opp for tre år om gongen med høve til forlenging i ytterlegare tre år.

Alternativ 2: Det skal vere ei nemnd med fem medlemmer som skal mekle i spørsmålet om minstepris ved usemje mellom salslaga og industrisida. To av medlemmene alternerer avhengig av om det vert mekla i kvitfisksektoren, jf. § 1 andre til femte ledd, eller i pelagisk sektor, jf. § 1 første ledd. Riksmeklaren nemner opp ein person som skal leie nemnda. I tillegg skal departementet nemne opp fire medlemmer etter eit forslag frå industriorganisasjonane og frå fiskesalslaga, som dei er samde om. Dersom partane ikkje vert samde, skal departementet nemne opp to medlemmer etter forslag frå kvar av partane. I tillegg vert personlege varamedlemmer nemnde opp etter forslag som for medlemmene. Medlemmene og varamedlemmene i nemndene vert nemnde opp for tre år om gongen med høve til forlenging i ytterlegare tre år.

Oppnemninga av nemndene skal skje i samsvar med likestillingslova § 13 og forskrifter, og organisasjonar mv. som foreslår kandidatar til eit organ skal foreslå ein kandidat av kvart kjønn for kvar kandidat som skal nemnast opp.

Mekling skal starte så raskt som mogleg og seinast to yrkedagar etter at det er stadfesta at forhandlingar om minstepris ikkje fører fram og ein av partane ber om mekling. Oppmodinga om mekling skal setjast fram skriftleg og med ein gong sendast til departementet og Riksmeklaren. Meklinga skal avsluttast så raskt som mogleg og seinast innan fem yrkedagar etter start.

Som grunnlag for forhandlingar om minstepris og for eventuell mekling, skal partane, saman eller kvar for seg, leggje fram for nemndene dokumentasjon om pris- og marknadstilhøve for fisk og fiskeprodukt nasjonalt og globalt. Bakgrunnsdokumentasjonen skal leggjast fram for nemndene samstundes med oppmodinga om mekling. Eventuelle oppmodingar frå nemndene om ytterlegare dokumentasjon skal partane følgje opp straks.

Partane skal dekkje kostnadene ved meklingsordninga med halvparten kvar. Statens reiseregulativ skal nyttast for å dekkje utgifter til reise. Godtgjering til leiaren i nemndene og til medlemmene skal dekkjast med 75 prosent av salærsats til advokatar i rettshjelpssaker, jf. instruks frå Arbeidsdepartementet.

§ 4 Ikrafttreding og endringar i andre forskrifter

Denne forskrifta trer i kraft 1. januar 2014.

Frå same tid vert forskrift 30. april 2010 nr. 641 om omsetning i første hand av viltlevande marine ressursar oppheva, og det vert gjort følgjande endringar i andre forskrifter:

1. I forskrift 18. desember 2009 nr. 1693 om fangstsertifikat mv. skal § 2 første ledd andre strekpunkt lyde:

- salgslag: salgslag *som* er godkjent i medhold av *lov 21. juni 2013 nr. 75 om førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar (fiskesalagslova)* § 4.

2. I forskrift 21. april 2006 om transitt av fisk fanget av og brakt i land fra EU-fartøy skal § 10 lyde:

Overtredelse av bestemmelser i denne forskrift straffes i henhold til *lov 21. juni 2013 nr. 75 om førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar (fiskesalagslova)* § 22 og lov 6. juni 2008 nr. 37 om forvaltning av viltelevande marine ressursar (havressurslova) kapittel 12.

3. I forskrift 13. desember 2000 nr. 1253 om samordnet innkreving av avgift på fiskeeksport skal § 3a fjerde ledd lyde:

Salgslag *som* er godkjente i medhold av *lov 21. juni 2013 nr. 75 om førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar (fiskesalagslova)* § 4, og som får rapportert direkte leveranser fra norsk fiskefartøy fra fangstfelt innenfor tollområdet og fra fangstfelt utenfor tollområdet til utlandet eller til utenlandsk fartøy, skal sende den tollregionen hvor den aktuelle eksportøren er registrert oversikt over slike leveranser, med unntak for leveranser hvor salgslagene har oppgaveplikt etter annet ledd. Oversikten skal inneholde opplysninger om mengde for hver avgiftsgruppe fordelt på eksportør. Ansvarlig for innsendingen er det salgslaget som er ansvarlig for førstehandsomsetningen av fangsten i medhold av forskrift *om førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar*.

4. I forskrift 11. desember 1998 nr. 1390 om beregning og innbetaling av produktavgift skal § 1 andre ledd bokstav a lyde:

Særskilt avgift som betales til salgslaget i medhold av *lov 21. juni 2013 nr. 75 om førstehandsomsetning av villlevande marine ressursar (fiskesalslagslova) § 9.*

5. I forskrift 19. september 1997 nr. 1019 om registrering som kjøper i førstehånd av råfisk, m.v. skal § 1 første ledd første punktum lyde:

Denne forskrift gjelder for kjøpere i første hånd av råfisk m.v. som er omfattet av *lov av 21. juni 2013 nr. 75 om førstehandsomsetning av villlevande marine ressursar (fiskesalslagslova) med forskrifter.*

6. I forskrift 31. januar 1958 nr. 9412 regler om beregning og innbetaling av avgiften på omsetning av fisk skal romertal I lyde:

Avgiften på omsetning av fisk (herunder sild, brisling og skalldyr) til pensjonstrygden for fiskere skal beregnes av omsetningsbeløpet på førstehånd ved de salgsorganisasjoner som er godkjent i medhold av *lov om førstehandsomsetning av villlevande marine ressursar (fiskesalslagslova) § 4.*

4.2 Utkast til forskrift om staten sine kontrollører for fiskesalslaga

Fastsett av Fiskeri- og kystdepartementet med heimel i lov 21. juni 2013 om førstehandsomsetning av villlevande marine ressursar (fiskesalslagslova) § 5.

§ 1 Oppnemning og åremål

Fiskeri- og kystdepartementet nemner opp ein kontrollør for kvart fiskesalslag for ein periode på seks år. Perioden kan fornyast.

Ein kontrollør må seinast avslutte engasjementet sitt ved utgangen av den månaden personen fyller 75 år.

§ 2 Mandatet til kontrolløren og kontrolloppgåver

Ein kontrollør skal utøve mandatet sitt i tråd med føresegnene i lov og forskrift. Fiskesalslaga skal leggje til rette for at kontrolløren skal få utøve oppgåvene sine i tråd med desse føresegnene i samsvar med lov om førstehandsomsetning av villlevande marine ressursar § 5, andre ledd.

Kontrolløren skal følgje verksemda til fiskesalslaget og kontrollere at ho er i samsvar med god forretnings- og forvaltningsskikk, og at verksemda vert driven innanfor rammene av gjeldande lover og føresegner.

Kontrolløren skal assistere fiskeristyresmaktene med å få fram opplysningar om økonomien og drifta til salslaga når vedkomande vert beden om slike opplysningar eller assistere styresmaktene i særskilte saker.

Kontroll med prisfastsetjing eller prisforhandlingar ligg utanfor kontrolløren sine oppgåver, med mindre Fiskeri- og kystdepartementet oppmodar om slik kontroll. Kontrolløren kan ikkje fungere som juridisk rådgjevar for salslaget.

Kontrolløren har teieplikt etter dei føresegnene som gjeld for offentlege tenestemenn.

Salslaga skal dekkje dei nødvendige utgiftene kontrolløren har i samband med utøvinga av mandatet sitt, dette gjeld også utgifter til reising som skal dekkjast etter statens reiseregulativ.

§ 3 Rapporteringar og orienteringar

Kontrolløren skal årleg sende rapport til Fiskeri- og kystdepartementet med eventuelle merknader til styret sitt framlegg til årsmelding og rekneskap. Rapporten må sendast innan to veker før salslaget skal halde årsmøte. Rapporten skal sendast salslaget til orientering.

Kontrolløren skal på eige initiativ halde fiskeristyresmaktene orienterte om forhold som kontrolløren reknar med har innverknad på økonomien og drifta til salslaga .

§ 4 Overgangsreglar

For kontrollørar som er nemnde opp før forskrifta trer i kraft, startar første 6-årsperiode frå 1. januar 2014, uavhenging av tidlegare tenestetid.

§ 5 Ikrafttreding

Denne forskrifta trer i kraft 1. januar 2014.